

# Årsmelding Gjermundnes vgs

**2020-2021**



# 1. Rektor har ordet

## Om skulen:

Gjermundnes vidaregåande skule vart etablert i 1898 som Møre og Romsdal fylke sin landbruksskule. Skulen vart etablert på ein etter forholda stor gard med allsidig landbruksproduksjon. Den historiske ballasten, det at skulen har eit internat med 80 elevar og eit allsidig drive gardsbruk, gjev særpreg og legg premisser for drifta av skulen også i dag. Gjermundnes vidaregåande skule er den einaste skulen i fylket som tilbyr studieretning Naturbruk – grønt. Dette vil seie vi er einaste skulen som tilbyr landbruksfag, anleggsgartnarararfar og hest- og dyrefag i Møre og Romsdal. Skulen tilbyr også programområde Teknologi- og industrifag. Dette tilbodet er tufta på den store og høgteknologiske skipbyggingsindustrien vi har i skulen sitt nærmiljø. Skulen har eit gjensidig godt og viktig samarbeid med desse bedriftene. I tillegg til tilboda finansiert av fylkeskommunen tilbyr skulen «Vaksenagronomkurs» etter nasjonal modell frå Landbruks- og matdepartementet. Vi har 14 elevar på dette kurset. Kurset vert direkte finansiert av departementet.

## Utviklingsplanar:

Fylkestinget vedtok i desember 2013 ei omfattande utviklingsplan for Gjermundnes. Dette plana vart revidert og vedteken desember 2017 fylkesting sak T-71/17. I økonomiplan 2018-2021 med budsjett for 2018 sak T-63/17 vart det vedteke oppstart i 2018. Nye vedtak i fylkestinget har utsett oppstarten av dei vedteke investeringane. Det er store forventningar frå landbruksnæringa og andre brukarar av skulen, til at vi no skal komme i gang med ei naudsynt oppgradering av bygningar og produksjonsapparat som i all hovudsak er rundt 50 år gammalt. Dei siste åra er det gjennomført ei omfattande arbeid på grunninvesteringar på skulen. Dette består i drenering rundt skulebygningane og utskifting og oppgradering av alt avløpsanlegg. Det er også lagt ned nye vassleidingar inn til skulen. Desse investeringane var naudsynte for å møte miljøkrava som er stilt til skulen. Dette legg også grunnlag for at skulen no kan få miljøfyrtårngodkjenning.

## Pedagogisk utviklingsarbeid:

Ved Gjermundnes har vi sidan hausten 2012 arbeidd systematisk med klasseleiing. Resultat frå Elevundersøkinga har vist at skulen har hatt utfordringar på dette området. Analyser av materialet førte til at det vart utarbeida ei prosjektplan med dette som fokus. Frå hausten 2015 vart dette prosjektet vidareført gjennom SkoleVFL. Dette er eit etterutdanningskurs som er utarbeida av Høgskulen i Lillehammer etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Gjennom SkoleVFL har alt pedagogisk personell gjennomført ei modulbasert opplæring om Vurdering for læring. Høgskulen i Lillehammer vurderer opplæringa å ha eit omfang som tilsvarar 15 studiepoeng i høgskulesystemet. Det pedagogisk personale har gjennom dette fått høgda sin kompetanse i vurdering for læring. SkoleVFL programmet vart fullført våren 2017. Å få den auka kompetansen omgjort til eit betre arbeid med vurdering for læring har vore målet dette skuleåret. Konkret går dette no ut på å etablere tettare oppfølging av den enkelte lærar med omsyn til å dokumentere vurderingane som vert gjort i arbeidet med elevane. Vi har innført ei strukturert resultatoppfølging av lærings- og vurderingsarbeidet. Det er utarbeida ein skriftleg rapport der lærarane rapporterer utfordringar rundt kvar elev, og kvitterer ut at føreskrive oppfølging og vurderingsarbeid er gjennomført. Det vert halde resultatoppfølgingsmøter (RO møter) i alle klassane to gonger i halvåret.

## Organisatorisk utviklingsarbeid:

Resultat frå MTM granskinga hausten 2015 for Gjermundnes vgs og analysearbeid i etterkant har avdekt at det er trong for å bli betre med omsyn til leiarstruktur, informasjonsflyt og møtестruktur i organisasjonen. I 2016 hadde vi to arbeidsgrupper som arbeidde med dette. Den eine gruppa arbeidde fram ny organisasjonsstruktur på skulen. Den andre arbeidsgruppa skisserte korleis informasjonsflyten og møtестrukturen skal bli betre. Arbeidet i begge gruppene vart avslutta ved utgangen av 2016. Nye retningslinjer for informasjonsflyt og

møtestruktur er etablert. Ny organisasjonsplan for skulen vart gjort gjeldande frå 01.08.2017. Hausten 2018 vart ny runde med MTM gjennomført. Funn denne gongen viser at det framleis må arbeidast med informasjonsflyt og møtestruktur. Med bakgrunn i resultatane er det utarbeida ei handlingsplan for perioden 2019 – 2021.

13.10.2021  
Aadne Haarr  
rektor

## 2. Nøkkelopplysningar om skolen

### 2.1 Organisasjonen



Oversyn over personalet ved skulen:

Leiinga ved skulen

- Leiarteam: 5 tilsette

- Leiarressurs: 3,7 årsverk

Oversyn over driftspersonalet:

- Driftspersonale gardsbruket – 5 tilsette
- Driftspersonale Internat – 7 tilsette
- Driftspersonale kjøkken – 4 tilsette
- Reinholdspersonale – 2 tilsette

Oversikt over merkantil stab

- Kontorleiar – 1 tilsett
- Kontorpersonale – 2 tilsette

Oversikt over det pedagogiske personalet

- Avdeling Naturbruk: - 14 tilsette
- Avdeling Spesped og TIP - 10 tilsette
- Avdeling fellesfag – 10 tilsette

Andel kvinner og menn

- 60 tilsette: 60% kvinner og 40% menn

## 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Minoritetsspråklege elevar med rett til ekstra språkopplæring : 2 elevar

### Tal på elevar

	2020-21
Naturbruk	79
Vg3 påbygg Naturbruk	10
Vg3 Påbygg	7
Teknikk og industriell produksjon	14
Total	110

**Naturbrukstilbodet** ved Gjermundnes vgs er skulen åleine om i Møre og Romsdal. Vi er einaste skulen som tilbyr landbruks- og landbruksrelatert opplæring. Elevane her fordeler seg slik:

- Vg1 Naturbruk – 45 elevar
- Vg2 Landbruk og gartneri – 11 elevar
- Vg2 Heste- og hovslagerfag – 13 elevar
- Vg3 Landbruk – 6 elevar

**Vg3 Påbygg** i denne tabellen er ved Gjermundnes vgs ein kombinert klasse. Programområde Naturbruk har i samsvar med vedtekne læreplanar eit eige tilbod som gjev generell studiekompetanse, men også i tillegg eit fordjuping i programfag frå programområdet. Vg3 Naturbruk studieførebuande. Ved Gjermundnes gjev vi her elevane også eit utvida fordjupingstilbod i matematikk, biologi og kjemi som gjer at dei kan oppnå spesiell studiekompetanse.

**Teknikk og Industriell produksjon.** Dette skuleåret hadde vi ikkje Vg2 Industriteknologi. Men inneverande skuleår er klassen i gang. Skulen sitt tilbod med TIP har lange tradisjonar i kommunen, og speglar den sterke og innovative maritime industrien vi har i Vestnes

kommune. Vg1 TIP har jamt over større søkning enn kapasitet ein klasse gjev. Verkstadlokalitetane er med å sette ei kapasitetsgrense på dette tilbodet.

**Vaksenagronomkurs nasjonal modell:** I tillegg til det tabellen over viser har vi eit samlingsbasert agronomopplæring retta mot vaksne som vil inn i landbruksnæringa. Tilbodet er organisert i samsvar med «Nasjonal modell for vaksenagronomen». Tilbodet er finansiert av Landbruks- og matdepartementet. Opplæringa går over to skuleår. Vi har søkt om, og fått godkjent 14 elevplassar, og har hatt god søknad. 14 elevar avslutta si toårige opplæring våren 2019, og nye 14 elevar starta opp no i haust. Landbruket sine organisasjonar er aktive bidragsytarar i undervisninga saman med skulen sine fagfolk.

	Vg1	Vg2	Vg3
<b>Naturbruk</b>	1,5 klasse – 42 elevar	3 klassar à 14 elevar	1 klasse – 14 elevar
<b>TIP</b>	1 klasse – 14 elevar	1 klasse – 14 elevar	
<b>Påbygg Vg3 – kombinert klasse</b>			1 klasse – 28 elevar
<b>Vaksenagronom</b>		1 klasse – 14 elevar	

## 2.3 Fråvær

### 2.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fravær, dagar	Fravær, timer	Totalfravær, prosent
Vg1	4,9	14,1	4,0
Vg2	3,3	19,3	3,7
Vg3	4,0	14,1	3,6
Vg4	0,5	5,5	1,3
Total	4,3	15,0	3,8


### 2.3.2 Totalfråvær siste tre år

	2020-21	2019-20	2018-19	Fylket
<b>Total</b>	<b>3,8</b>	<b>6,5</b>	<b>5,4</b>	<b>2,5</b>

Registrert fråvær dette skuleåret er klart lågare enn tidlegare år. Samla fråvær dette skuleåret er 3,8 prosent mot 6,5 førre skuleår. Dette skuleåret har vore prega av unntaksreglar for fråværsføring i samband med handteringa av Coronapandemien. Fokus på fråvær og gjennomføring har sentral plass i skulen si handlingsplan.

### 3. Læringsmiljø

#### 3.1 Overblikk frå Elevundersøkinga



#### Mobbing på skolen, prosent

	2020-21	2019-20	Fylket
Total		8,1	2,9


På dei aller fleste parametera har Gjermundnes vgs ei positiv utvikling i forhold til førreskuleår. Og på same måte som tidlegare år har vi gode parameter på trivsel, støtte frå lærarane og fagleg utfordring. Vil trekke fram at motivasjon er målt til å ha blitt merkbar betre.

Tala viser at skulen må arbeide for å bli betre på Vurdering for læring og Elevmedverknad. Dette vil få ein sentral plass i skulen si handlingsplan.

At vi får lav score på praktisk opplæring har eg ikkje noko forklaring på. Ein stor del av opplæringa i Naturbruk og på TIP er gitt i form av praktiske øvingar som vi meiner skal ha ein god struktur. Men vi må likevel ha fokus på å utvikle dette.


Det er ikkje registrert tal for mobbing i 2020-21. Som det går fram av tabellen var parameter for mobbing er for høgt i 2019-20. Skulen har etablert eit innsatsteam mot mobbing, og håper det auka fokuset på dette arbeidet vil føre til at alle elevane ved skulen vil oppleve eit trygg skulekvardag.

## 3.2 Meistring




Tabellen her viser at elevane vurderer å ha god meistring på dei oppgåvene som dei vert presentert ved Gjermundnes vgs. Det er lite variasjon mellom klassane og frå det eine året til det andre.

## 3.3 Trivsel



Tabellen viser at elevane trivest ved Gjermundnes. Vi har hatt gode målingar på trivsel over fleire år, men likevel har vi på dette området hatt ei klar auke. Dette kan truleg tilskrivast eit godt arbeid med klasseleiing, medbestemmelse og arbeidet for å hindre mobbing. Meir enn halvparten av elevane ves skulen bur på skulen sitt internat. Oppfølginga her vil ha verknad på trivselen ved skulen. Dette kan difor tyde på at det vert gjort ein god jobb av dei som har ansvar for denne oppfølginga.

## 3.4 Læringskultur



Vi scorar jamt over godt på dette kriteriet. Det er å merke seg at vi i forhold til førre skuleår har hatt ei markant betring i alle klassane. Ein kan tenke seg at fokus på vurdering for læring har verka med på at vi hatt hatt ei så god utvikling.

### 3.5 Vurderingspraksis



Vi har dette året hatt ei positiv utvikling i elevane si vurdering av vurderingspraksis. Ein kan på same måte som for målingane på læringskultur tenke seg at fokus på vurdering for læring har verka med på at vi hatt ei god utvikling.


### 3.6 Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring har stor plass ved Gjermundnes vgs. Delen av elevar som treng særskild tilpassa opplæring er relativt stor ved Gjermundnes vgs når ein samanliknar med dei andre skulane i fylket. Det kan vere fleire forhold som verkar inn på dette.


For å gjera eit godt arbeid med tilpassa opplæring har vi vald å etablere ei eigen avdeling for spesialpedagogikk leia av ei avdelingsleiar med høg kompetanse innan spesialpedagogikk. Vi har også spesialpedagogisk kompetanse i lærarstaben. Tilpassa opplæring vert gjort i vanlege klassar og i tillegg har vi etablert ei eigen gruppe med elevar som har særskild fokus på spesialpedagogikk.

Aktuelle tabellar frå Elevundersøkelsen Gjermundnes vgs 2020-21:


Faglig utfordring




Relevant opplæring



Variert opplæring







### 3.7 Digital kompetanse

	Helt enig	Litt enig	Verken enig eller uenig	Litt uenig	Helt uenig	Gjennomsnitt
Jeg lærer mer når vi bruker digitale verktøy i opplæringen	29,2%	37,1%	28,1%			3,9
Jeg blir mer motivert for skolearbeid ved å bruke digitale verktøy i undervisningen	28,1%	36,0%	30,3%			3,8
Bruk av digitale verktøy gjør det vanskeligere å konsentrere seg om skolearbeidet	19,3%	29,5%	28,4%	18,2%	4,5%	3,4
Andre elevers bruk av digitale verktøy uroer og hindrer læring	26,1%	22,7%	26,1%	15,9%	9,1%	3,4
Jeg har fått god opplæring i informasjonsinnhenting (hvordan jeg effektivt kan søke opp og finne relevant informasjon)	27,3%	47,7%	20,5%	4,5%	0,0%	4,0
Skolen har gitt meg god opplæring i kildekritikk (hvordan jeg kan gjøre meg opp en mening om i hvilken grad jeg kan stole på informasjonen som jeg har hentet)	29,5%	40,9%	20,5%			3,9
Jeg har fått god opplæring i å bruke kildeliste (hvorfor det er et krav om å vise til opphav, og hvordan slike referanser skal skrives)	34,1%	38,6%	13,6%	6,8%	6,8%	3,9
Jeg har fått god opplæring i å bruke sitater	16,1%	33,3%	31,0%	11,5%	8,0%	3,4
Jeg har fått god opplæring i nettvett på skolen (faren ved å gi fra seg personlig informasjon, og hvordan vise respekt for hverandre på nett)	30,7%	33,0%	27,3%	5,7%	3,4%	3,8
Jeg praktiserer godt nettvett	50,0%	34,1%	12,5%	0,0%	3,4%	4,3


Resultata over kan lesast slik at elevane i stor grad brukar digitale verktøy i opplæringa. Elevane

meiner også at digitale verktøy er motiverande.

At elevane vurderer opplæringa i bruk av digitale verktøy til 4,0 av 5 oppnåelege vurderer skulen som bra.

Ved Gjermundnes vgs har det pedagogiske personalet gjennomført IKT-plan.

### 3.8 Elevdemokrati og medverknad



Skulen ser på eit godt fungerande elevråd som ein viktig ressurs for utvikling, trivsel og læring ved skulen. Ein lærar har til oppgåve å vere elevrådskontakt. Elevrådskontakten saman med rektor ser til at val av tillitselevar og etablering av elevråd vert gjort snarast råd. På konstituerande møte for elevrådet har rektor ei økt med opplæring i lovverket rundt elevmedverknad.

Elevane har:

- To medlemmar i Skuleutvalet
- Fleirtal i Skulemiljøutvalet

Skulen legg også til rette for at elev- og lærlingombod Tove Regine Stranden skal få gode arbeidsforhold i arbeidet ho øver overfor elevane.

Tal på møter i elevråd, skulemiljøutval og skuleutval

- Tal på møter i elevrådet: 8
- Tal møter i skulemiljøutval: 2
- Tal møter i skuleutvalet: 5

Skulen arbeider systematisk med skulemiljø etter dei retningslinjer som ligg i lovverket og presiseringane i dei fylkeskommunale retningslinjene. Vi har etablert

- Eige innsatsteam mot mobbing det også fagpersonar frå Vestnes kommune er med. Her vert det halde regelmessige møter
- Det er utarbeida lokale prosederer for handtering av 9a saker. Desse er utarbeida i samsvar med fylket sine retningslinjer
- Skulen arbeider aktivt mot rusbruk, og har plan for dette arbeidet som ligg tilgjengeleg i skulen sitt kvalitetssystem. Det er også hengt opp plakatar utarbeida av informasjonsavdelinga i fylket sentrale plassar på skulen.
- Skulen har dialog med elevråd og føresette til elevane i dette arbeidet

### 3.9 Læringsmiljø

1. Som det går fram av figurane gjev elevane tilbakemelding om at dei opplever å ha det trygt og godt på Gjermundnes. Eg vil trekke fram to forhold som er med på å sette sitt preg på læringsmiljøet på Gjermundnes.
  - a. Mest alle elevane på skulen går på ei yrkesretta linje. Dette gjer at mest alle elevane har ein stor del av skuletida i praktiske øvingar og i mindre grupper. Dette er med på å styrke relasjonane mellom elevane og mellom elev og lærar. Dette legg godt tilrette for tilpassa opplæring og tydeleg vurderingspraksis. Eit anna forhold som med bakgrunn i det same som også då vil gjera seg gjeldande,

er at det vert ein etter måten stor del av elevane som treng særskild tilrettelegging av opplæringa si.

- b. Eit anna forhold er at 70 av skulen sine 120 elevar bur på skulen sitt internat. Dette gjer at det vert utvikla ekstra nære relasjonar mellom elevar og mellom elevane og dei tilsette. Ved Gjermundnes opplever elevane at driftspersonellet har ei tydelegare rolle i deira kvardag enn ved andre vidaregåande skular i fylket vårt.

Ved Gjermundnes har styrka arbeidet med tilrettelagd opplæring gjennom å etablere ei eigen avdeling for dette og rekruttert høg kompetanse for å leie dette arbeidet

2. Av tiltak skolen har for å fremme helse, trivsel, læring og skape eit godt og trygt skolemiljø trekker eg fram:
- Mobbeknappen – elektronisk varslingsystem om elevane kjenner seg utrygge eller opplever at andre elevar kjenner seg utrygge
  - Leiinga samarbeider tett med elev- og lærlingombodet og elevrådet
  - Vi nyttar VIP-makkerskap som verkty for å betre læringsmiljøet
  - Vi arrangerer åreleg ei trivselsveke der skule og internat saman gjennomfører opplegg som er med på å etablere gode aktivitetar resten av skuleåret

3. Kor mange enkeltvedtak knytt til det fysiske miljøet vart det fatta med bakgrunn i § 9A-7 i opplæringslova ved skolen?

Skriv inn svar her: 0

4. Kor mange skriftlege planar vart laga med bakgrunn i aktivitetplikt jf. § 9A-4 i opplæringslova (det psykososiale miljøet)?

Skriv inn svar her : 7

5. Arbeidet med grunnleggande ferdigheiter vert vektlagt gjennom at skulen legg til rette for yrkesretting av fellesfag. Vi har system for at samarbeidet mellom fellesfaglærar og programfaglærar kan etablerast.


6. Legg eventuelt inn eigne figurar frå menyen inne i Hjernen&Hjertet. Klikk på ikonet for å legge til figur i menylinja over.

Trivsel



## 4. Læringsresultat

### Samla karaktersnitt




Det samla karaktersnittet er lågare enn tilsvarende snitt på fylkesnivå. Alle tilboda ved Gjermundnes vgs er praktiske yrkesretta tilbod. Elevane fordeler seg på landbruksfag, anleggsgartnararfarag, heste- og hovslagerfag og mekaniske fag. Vi har ein Vg3 klasse med allmennfagleg påbygging. Men dei fleste av desse elevane er også rekruttert frå eigne yrkesfaglege tilbod. Dette gjer at det er naturleg å vente at karaktersnittet ligg på det nivået det ligg. Det er få elevar i utvalet, men likevel om vi samanliknar tala med tilsvarende tal frå færre skuleår er nivået uendra.

Dette er likevel ein motivasjonsfaktor for å arbeide enno meir målretta mot å etablere betre læringsstruktur og læringskultur ved skulen.

## 5. Gjennomføring

### 5.1 Inntak Vg1 - føresetnader

#### 5.1.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen




#### 5.1.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18	2016-17
Total	37,8	36,1	36,3	36,9	34,8

Naturbruk og TIP dominerer elevmassen ved Gjermundnes vgs. Dette er begge programområde som vert vurdert av omgjenvaden å vere praktisk retta utdanningsvegar. Elevar med styrkane sine i praktiske fag vil av den grunn dominere ved Gjermundnes vgs. Vi ser likevel ei auke i karakterpoengsum. Dette er noko skulen opplever gjennom auka søkning til Vg1 Naturbruk og Vg1 TP. Dette speglar nok større trendar i samfunnet det miljøaspektet i alle områder har fått auka fokus. Dette påverkar ungdommane sine val.

## 5.2 Fullført og bestått

### 5.2.1 Fullført og bestått, prosent



### 5.2.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

	Vg1	Vg2	Vg3	Vg4	Total
Naturbruk	87,8	85,7	85,7		86,8
Påbygg Vg3			40,0		40,0
Påbygg Vg4				100,0	100,0
Teknikk og industriell produksjon	100,0				100,0
Total	90,9	85,7	73,7	100,0	86,6

### 5.2.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18	2016-17
Total	86,6	76,4	86,6	75,6	67,2

#### Fordeling av fullført og bestått, prosent

	Fullført og bestått (B)	Fullført og ikke bestått (I)	Mangler grunnlag (M)	Holder på med utdanningen (H)	Sluttet (S)
Total	86,6% (84)	1,0% (1)	4,1% (4)	1,0% (1)	7,2% (7)

Tabellane over viser at vi skuleåret 2020-21 har etter måten godt resultat med omsyn til fullført og bestått. Gjermundnes vgs har som det er vist til i kommentarane rundt karakterpoengsum frå grunnskulen etter måten mange elevar som treng ekstra oppfølging i skulekvardagen. Vi har eit godt utbygd system for dette ved Gjermundnes.

På parametera for trivsel scorar Gjermundnes godt over til, og dette er med på å halde gjennomføringa høgt oppe. Vi har også over tid fokus på vurderingsarbeidet og på klasseleiing.

Når dette er sagt vil eg likevel trekke fram at vi har etter måten få elevar i tallgrunlaget. Det må av den grunn påreknast at prosenttala svingar frå eit år til eit anna sjølv om skulens arbeid på dette området har same trykket over tid.

## 5.3 Elevar som har slutta

### 5.3.1 Tal på elevar som har slutta

	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Naturbruk	3	1	1	5
Påbygg Vg3			2	2
Total	3	1	3	7

### 5.3.2 Elevar som har slutta fordelt på utdanningsprogram, prosent



Viser til kommentaren under punkta om fullført og bestått. Her er det naturleg samanhengar. For påbygg Vg3 er det få elevar og elevrelaterte forhold som gjer at prosenttalet vert slik det er.

Eit forhold som ikkje er trekt fram over er at stordelen av skulen sine elevar bur utanfor heimen. Anten på internat eller på private hyblar. Vi må rekne med at nokon sluttar ved skulen med bakgrunn i at det å bu heimanfrå er ei belastning som gjer at dei ynskjer endring, og flyttar nærare sine føresette.

## 5.4 Overgangar

På programområde TIP har vi eit nært samarbeid med den store og høgteknologiske skipsindustrien i kommunen. Dette gjer at elevar som er kvalifisert for dette får seg lærekontrakt i nærmiljøet

Elevar som har fullført og bestått Vg2 anleggsgartnar og søkt læreplass har fått dette. Det same gjeld elevar på Vg2 hest- og hovslagar. Men mange av desse elevane prioriterer å skaffe seg studiekompetanse og med det siktar seg inn på utdanning på høgskule og universitetsnivå.

I landbruk er det ikkje læreordning. Elevane går her på Vg3 landbruk og vert agronomar som er fagutdanninga i landbruket. Stordelen av elevane på Vg2 landbruk går denne vegen.

## 6. Leiing og profesjonsutvikling

Alle lærarane har gjennomført ei modulbasert opplæring i vurdering - Skole VFL. Kurset tilsvarar 15 studiepoeng i høgskulesystemet

Skulens lærarar har arbeidd med IKT-plan leia av fylkeskommunen

Skulen har følgd fylkeskommunen si opplæring i "innsatsgruppe mot mobbing", og gruppa er etablert

Skulen følger fylkeskommunen si opplæring i VIS og Fagfornyelsen

Kompetansehevingsmidlar

Kompetanse for kvalitet:

- Ein lærar fullført og bestått studium i psykososialt arbeid 30 stp. - høgskulen i Molde
- Ein lærar fullført og bestått studium matematikk 30 stp. - NTNU
- Ein lærar fullført og bestått studium Norsk 2 - 30 stp. - Universitetet i Bergen
- Ein lærar deltek på kurs i programmering 8-13 trinn - 30 stp. - NTNU

Rektorskulen:

- Rektor har fullført rektorskulen
- Ass rektor har fullført mastergrad i leiing
- Fungerande ass rektor/rektor er i gang med rektorskulen .

Gjermundnes vgs

14.10.2021

Aadne Haarr  
rektor